

Med velvære til Rosendal

10.09.2012



Anne Berit Sævareid frå Rosendal sit i stolen medan Karma er representert av negledesignar Monica Musland-Masssey og frisørene Camilla Hjellbakken og Bodil Fjelland

Eg vil alltid vera uskedeling, erklærer Monica Musland-Masssey (40) frå Halsabrotet som laurdag slutta seg til velvære-miljøet i Karna midt i Skålsgato i Rosendal. Her kan ein få både negledesign, makeup, hårfjerning, fotpleie og frisyre og Monica tek seg av neglene slik ho har gjort det i 6 år på Husnes og 2 år på bopelen i Skeishagen.

Ho har sans for samarbeid og svara ja straks då frisør Bodil Fjelland inviterte ho med i Karma, som vi kjenner som eit austerlandsk begrep. Det har fleire tydingar men vi oppfattar det som viktig å skapa ein god karma med tanke på eins neste liv...

For Monica var det første yrkesvalet i hotellbransjen sjølv om ho var sterkt inspirert av mora Bjørg Raudstein som var negledesignar i 7 år på Husnes. Ho var 6 år ved Clarion-hotellet i Stavanger og hadde arrangement som spesialfelt. Men så skifta ho beite til neglar og har dreve med det sidan.

Etterkvar har ho også fått familie, som omfattar to jenter og Simon Massey som har vakse opp i Frankrike men som jobbar i Nordsjøen og snakkar kvinnhering som om han skulle vera herifrå.

- På sett og vis er ringen slutta for meg også på ein annan måte, seier Monica og siktar til faren Jens Musland. Han hadde røyleggjarbutikken sin i dei same lokala som Karma no har rykka inn i! Monica har store forventningar til Karma, for velvære er 'in' og stadig fleire har interesse for det også på våre kantar.

- Det er i tiden men det er også viktig å satsa økologisk og ikkje så mykje på kjemiske hjelpemiddlar, understrekar Monica.
- Og no skal du utkonkurrera andre som satsar på velværsektoren?
- Slett ikkje, eg er for eit vidt fagleg samarbeid under denne paraplyen, til dømes i form av samkomer av ymse slag.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen